

REFERAT ÅRSMØTE 2019

Torsdag 28. november kl. 18.00 – 20.00

SAKSLISTE

a) Godkjenning av innkalling

Innkallinga vart samrøystes godkjent. Det var registrert 56 røysteføre medlemmar blant dei 59 frammøtte.

a) Godkjenning av sakslista

Det kom inn kommentar om sak 3 i sakslista, Kinn Skulehus burde komme på eit ekstraordinært årsmøte, då det er ei for omfattande sak og ta på eit vanleg årsmøte.

På den andre sida kom det fram argument om at årsmøtet i 2017 ga styret fullmakt til å bestemme, og difor er saka behandla rett i forhold til vedtektene.

Ved avstemming blei det stemt 4 mot og resterande for. Sakslista godkjent.

b) Val av møteleiar

Per Øyvind Sørbø vart samrøystes valt som møteleiar.

c) Val av to møtesekretærer

Anders Myklebust og Karen Nilsen vart samrøystes valt som møtesekretærer.

d) Val av to til å skrive under protokollen

Bengt Solheim-Olsen og Elisabeth Solheim vart samrøystes valde til å skrive under møteprotokollen.

e) Godkjenning av Årsmelding 2019, saksvedlegg 1

Det kom frem ei endring til årsmeldinga: styret har i år hatt 8 styremøte, og ikkje 7 som det står.

Det vart retta ei stor takk til styret frå styreleiar, og at året hadde vert krevjande og at Kinn hytta hadde medført mykje arbeid.

Det blei forklart om at det ikkje vert teikna nokon ny avtale om Grytadalsbu og at denne hytta no vert stengt og tatt ut av FT sin portefølje av hytter.

Det vart og fortalt om den store dugnadsinnsatsen som vart nedlagt på hyttene Blåbrebu og Gjengnabu i sommar. Ei stor takk til alle som deltok på dette.

Astrid Eliassen retta ei takk til turleiarane og drog fram nokre eldskjeler som har leia over 30 turar.

Det kom spørsmål om det vil bli mogleg å få opp eit bookingssystem gjennom DNT. Fleire lokale turlag gjer dette, og det gjer det enklare å planlegge. Styret tar med innspelet vidare.

Årsmeldinga vart samrøystes vedtatt.

f) Godkjenning av Årsrekneskap 2019, saksvedlegg 2

Det kom spørsmål om kva som ligg i «bundne midlar». Sunniva forklarar at dette er ein 17 år gammal formel, og at midlane berre kan nyttast til hyttene.

Årsrekneskapen vart samrøystes vedtatt.

g) Godkjenning av budsjett og handlingsplan for 2020, saksvedlegg 3 og 4

Vi stemte over budsjettet etter gjennomgang av Kinn saka.

Budsjettet blei samrøystast vedtatt.

Det kom innspel om at feiring av Gjengnabu 30 år må leggst til i handlingsplanen.

Det kom også spørsmål om merking i Grøndalen. Dette er med i dugnadsprogrammet til Blåbrebu

Handlingsplanen blei samrøystes vedtatt med dei kommentarar som nemnast over.

h) Fastsetting av losjiprisar for 2020, saksvedlegg 5

Forslag til vedtak:

Flora Turlag følger DNT sine prisar og reglar på hyttene.

Styret sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedtatt.

i) Fastsetting av turavgift for 2020

Forslag til vedtak:

Flora Turlag følger dei prisar som har vore tidlegare.

Heildagsturar: Medlemmar gratis og ikkje-medlemmar kr. 100.

Tysdags- og onsdagsturar: Inga avgift utover faktiske transportkostnader.

Barn under 15 år gratis.

Transport kr. 30 til sjåfør ved felleskøyring. Over 20 km kr. 40

Styret sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedtatt.

j) Kinn Skulehus, saksvedlegg 6 og 7

Forslag til vedtak:

Flora Turlag kjøper Kinn skulehus med tomt for sum pålydande kr. 700 000,-. Årsmøtet gjev styret mandat til å signere kjøpsavtale med Kinn Sokneråd gjeldande Kinn skulehus.

Etter ein god diskusjon blei styret sitt framlegg til vedtak samrøystes vedtatt.

Under har vi oppsummert kva for argumentasjon og spørsmål som kom fram.

Det kom spørsmål om Flora Turlag må betale eigedomsskatt på Skulehuset på Kinn?

Det må betalast kring 7-8000 kr i året i eigedomsskatt. Det skal også betalast kommunale avgifter. Soknerådet har hatt kring kr 20000 i året i utgifter som og inkluderer forsikring.

Hytta har gitt inntekt på 46000 kr i 2019.

Søknad om stønad frå Thonstiftinga er avslått. Vi ventar på svar frå Gjensidigestiftelsen. på støtte søknad. Vi har fått 380000 kr i støtte frå andre. Kjøpesummen er 700000 kr (sjå sakspapir som var vedlagt innkallinga).

○ Dag Eliassen:

Spør om kva for aktivitetar hytta på Kinn skal dekke? Han får svar at det blant anna kan vere temahelger der ute, med yoga, mat, turar på øya, aktivitetar av ulikt slag og anna.

Det er vanskeleg å forstå at Flora Turlag må kjøpe hytta til en så høg pris av Soknerådet som i si tid har fått den gratis.

Det er også problem med kloakk og drikkevattn og mykje vedlikehaldsarbeid som må gjerast.

Hytta har ingen utsikt til sjø, og den er heller ikkje spektakulær nok til å være spesielt

attraktiv. I tillegg driver finns Kinn Gjestehus der ute og det blir feil å være direkte konkurrent til dei. Han synes også at aktivitetane som nemnast kan ein få til andre plassar.

FT får no eit oppussingsprosjekt som og må omregulerast til overnatting. Det kan gje ekstra kostnader.

Det er mange uavklarte spørsmål ved saka. Er det ikkje andre fornuftige måtar å bruke pengane på? Kinn Skulehus skulle vore diskutert på et ekstraordinært styremøte, det hadde gitt betre tid og meir informasjon om saka kunne komet fram.

Vi kan gjerne vore til stades på Kinn, men det finns betre alternativ enn å kjøpe skulehuset. Vi må konkurrere med Kinn Gjestehus og viser til kommentaren Gjestehuset la igjen på innlegget han skreiv på Facebook.

○ Eivind Hauge:

Ein fordel med skulehuset er at det ligger langs vegen. Han har små born og det er den einaste hytta som er lett tilgjengeleg. Alle målgrupper skal kunne bruke hytta, også rørslehemma.

Den passar for både dagstur/helgetur/midtveketurar.

Hytta er også lett tilgjengeleg for turistar / andre med svak økonomi.

Kinn blir ein stor turistattraksjon og det bør vere plass til både Kinn Gjestehus og Skulehuset. Det er stor dugnadsvilje på lang sikt. Hytta kan også brukast som tilfluktsstad/matpakke/kvile stad. Vedrørende kostnader trur han nokon ting må betalast for, men man kan søke fleire stiftingar. Han trur vi klarer alle prosjekta turlaget har på agendaen, utan at det går utover noko anna. Det kan også være lettare å få med næringslivet når hytta ligger lett tilgjengeleg. FT har inntekter på overnatting utan særleg profilering i dag. Kinn kjem til å gå opp og fram, og han trur ingen av hyttene kjem til å ha problem med besøkstal.

- Siv Merete Stadheim:
I forhold til økonomien: Det har vore fellessamling på Sandane der generalsekretær i DNT fortalte at det no satsast på kysten i DNT nasjonalt.
Det er og gjort sponsoravtale med Sparebaken Vest som vil støtte prosjekt på kysten.
Det er og inngått avtale med XXL Bygg kor ein kan få gode rabattar på materiell. Det gjev lågare vedlikehaldskostnader.
Det er også gjort analyse av hytteturar både på sosiale medium og på internett. Det første søkeordet er DNT. Noko som seier at det er ein enorm merkevare.
Ein må skape turområde der turfolk ferdast.
- Øyvind Kleiven:
Det viktige her er lågterskeltilbodet for folk med små born og som er dårleg til beins. Fjellhyttene har høgare terskel. På Kinn er det greitt turterreng. Han er, tross motførestillingane i dag for Kinn Skulehus.
- Knut Magne Nesse
Det er 10 år sidan dei starta arbeid med pilegrimsled frå Kinn til Selje. Halvparten av brukarane kjem frå Tyskland.
Kyst-pilegrimsleden har gjort utgreiing om kvar den beste staden på kysten er. Kinn kom best ut i Sogn og Fjordane, her var eit tilbod om overnatting viktig, båtruter og kyrkje med vertskap + butikk. Det vil vere mange steg tilbake om ein går bort frå prosjektet med Kinn skulehus no. F T får kjøpt ei bra hytte til god pris. Det er viktig å eige for å få til ei god drift i tida som kjem.
- Siri Solbakken
Det finnast eit strategidokument nasjonalt som seier at ein bør fokusere på lågterskelturar og bevaring av kultur. Vi burde bevare skulehuset som noko historisk. Historikken til skulehuset er ein positiv faktor som Flora Turlag kan spele på. Eit anna moment er miljøperspektivet, det er meir miljøvenleg å renovere eit gammalt bygg enn å bygge ei ny hytte på Kinn. Flora Turlag vil oppgradere huset nøkternt.
I tillegg er det miljøperspektivet rundt problemstillinga: Kva vil skje med skulehuset om nokon andre tar over? Det er i alle høve sikkert at. og det er miljømessig positivt.
- Kjetil Tveranger
Har styret råd til alle de sakene dei legger fram i budsjettet? (slik som sikringsbu, kjøp av Kinn og kajakknaust). Viktig å sjå alt i samanheng. Kva vil ei sikrings bu på Gjeugnabu koste?
- Siri Solbakken
Det er kjempeinteresse for Kinn. Men kyrkja har vore stengt så det har vore vanskeleg med marknadføring for Fjord Kysten. Gjestehuset er noko heilt anna. Skulehuset er ein trygghet, om ein til døme skulle møte dårleg vær, er det ein plass å komme i le og å ete nista si. Det er to forskjellige tilbod, og ein når ulike målgrupper. Trur ikkje det er noko problem å fylle begge stadene når ein får opp meir marknadføring.
- Anne Leversund
Ein bør være i dialog med Gry på Kinn Gjestehus. Ein har felles mål om å utvikle Kinn som turmål. Ser på hyttetilbodet med Gjeugnabu og Blåbrebu som toppidrett, medan Skulehuset er breiddeidrett.

- Heidi Humlestøl Aasen
Trur ikkje det er nødvendig med 2 millionar til sikringsbu. Ei sikringsbu er eit tilflukt ved ein nødssituasjon, og einaste kravet er at det må være vedomn.
 - Saksopplysing frå Dag: I hyttestrategidokumentet frå 2017 stod det at sikringsbu på Gjeugnabu kunne koste opp mot 2 millionar.
 - Dag kommenterte her at sikringsbu var diskutert av «Ålfoten Landskapsvernområde» og her vart det sagt at sikringsbua skal kunne huse like mange menneskjer som det er soveplassar i hovedhytta.
- Karl Petter Myklebust
Det er kjekt med positivitet rundt Kinn. Det er alle typar folk som dreg ut dit. Er sjølv ofte der ute og går og det er spesielt der ute. Hytta har mogelegheiter, samt økonomi og driftige folk. Det eine alternativet utelukkar ikkje det andre. Vi må klinke til no, det er ein god moglegheit vi ikkje må kaste vekk.

k) Lagerplass for utstyr til kajakkgruppa

Forslag til vedtak:

Årsmøtet gjev tyret mandat til å oppnemne ein komité som skal utarbeide planar for etablering/bygging av kajakknaust. Styret skal utarbeide planer for etablering/bygging av kajakknaust. Forslaget skal leggast fram på årsmøte 2020.

Kjetil Tveranger kommenterte at vi bør være i dialog med Kystmuseet om dei har ledig areal som kan leigast.

Styret dsitt framlegg til vedtak blei samrøystast vedtatt med kommentaren som nemnast over.

l) Referat frå styremøta

Forslag til vedtak:

Årsmøtet gjev styret mandat til å avgjere korleis handsame denne saka. Då styremedlemmar opplev oppgåver og ansvar som tidkrevjande vil det vere avgjerande at sittande styre til ei kvar tid får avgjere om det skal brukast tid på offentleggjering av referata.

Dag Eliassen kommenterer at ein ikkje er ute etter heile referatet, men vedtaket og at det nemnast kva som er drøfta. Dette er for å få innsikt i kva som er diskutert i styremøta.

Styret sitt framlegg til vedtak blei samrøystes vedtatt.

m) Val av

- Leiar
- To styremedlem
- To varamedlem
- Revisor
- Eit medlem til valnemnda

Valnemnda si innstilling:

Bengt Solheim-Olsen	leiar	nyval	(1 år)
Sunniva Geithus	medlem	ikkje på val	(1 år)
Karen S. Nilsen	medlem	ikkje på val	(1 år)
Siv Grov Krogen	medlem	attval	(2 år)
Anders Myklebust	medlem	attval	(2 år)
Kari-Anne Melvær Strømmen	varamedlem	nyval	(1 år)
Toralf Otnes	varamedlem	nyval	(1 år)
Marianne Sundal	revisor	attval	(1 år)

Val av styre:

Bengt Solheim-Olsen vart samrøystes valt som styreleiar.
Øvrige styremedlem og revisor var samrøystes valt.

Val av valnemnd:

Dag Eliassen	ikkje på val
Siv Merete Stadheim	ikkje på val
Heidi Humlestøl Aasen	nyval for to år

n) Val av to utsendingar til Sogn og Fjordane Turlag sitt årsmøte

Det nye styret får fullmakt til å utpeike nokon frå styret når dette er konstituert.

Etter årsmøte takka Anders Myklebust av Heidi Humlestøl Aasen styreleiar i Flora Turlag med ei overnatting på ei av våre hytter. Arnfrid Bergheim går ut av styret og vart takka av, også med ei overnatting på ei av våre hytter. Jens Batt Jansen går ut av styret som varamedlem og får også overnatting som takk fort sitt bidrag i styret.

Arnfrid las namna på vinnarane frå trekking av turbøker og Turtrimmen 2018. Resultata og namnelista vert lagt ut på heimesida til turlaget, samt delt på Facebook.

Arnfrid orienterte om Turtrimmen 2019 som har hatt stor auke i deltakarar med totalt 59 i 2019. og heile 12 har tatt alle 15 postane. Liste over vinnarar vert lagt ut på nettsida. Neste års Turtrim er snart klar.

Kveldens føredragshaldar var Håkon Åsvang. Han har nyleg vore ein av få nordmenn på eit av verdas farlegaste fjell, Annapurna. Han heldt eit spennande innlegg om den vellukka turen på Annapurna, og tidlegare turar.

Florø, 16. desember 2019

Karen S. Nilsen
-møtesekretær-

Anders Myklebust
-møtesekretær-

Bengt Solheim-Olsen
-signatur møteprotokoll-

Elisabeth Solheim
-signatur møteprotokoll-